

## *Årsmelding for 2015*

### *og*

## *styret si melding*

### **Selskapet si verksemd**

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS utfører sekretariatfunksjonen for kontrollutvala i dei 10 deltakarkommunane: Bokn, Etne, Haugesund, Karmøy, Sauda, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord. Pr 01.01.15 hadde kommunane totalt 116.507 innbyggjarar. Kontoret ligg i Tysvær rådhus, Aksdal, men møta i kontrollutvala, blir gjennomført ute i kommunane.

Selskapet har i 2015 utført sekretariatsteneste som omfattar oppgåver som saksførebuing, protokollføring og iverksetjing av vedtak i kontrollutvala. Sekretariatet har gjennomført totalt 47 (51) kontrollutvalsmøte og saksførebudd 287 (286) saker. Av desse har 61 (65) saker blitt sendt vidare til kommunestyra (frå 4 til 8 saker i dei enkelte kommunane).

I selskapet er det halde 4 styremøte og 1 representantskapsmøte. På personellsida har det vore inga endring. Selskapet har i 2015 hatt ei brukarundersøking med gjennomgåande positive tilbakemeldingar og markert 10 års jubileum for selskapet. Vidare er det sørgja for at ni av kommunane har hatt ute anbod på revisjonstenester for perioden 2016-2020. Etter kommune-styrevalet hausten 2015 var det skifte av medlemmar i kontrollutvala (50 faste og 50 vara) og etterfølgjande opplæring av nye medlem.

### **Framhald av drift**

Verksemda er basert på eit gjensidig samarbeid med og mellom eigarane om sekretariatfunksjonen for kontrollutvala gjennom avtale frå 2004 med deltakarkommunane. Det er inga indikasjonar på lovendringar som skulle seie at grunnlaget for selskapet skal falle bort. Ei samanslåing av kommunar vil kunne få verknad for drifta, men det ligg pr. i dag ikkje føre nokre konkrete planar. Med dette som utgangspunkt meiner styret at vilkåra for framhald av drift av selskapet er til stades.

### **Resultat og utvikling**

Selskapet skal i tråd med selskapsavtalen drivast i balanse, slik at inntektene frå kommunane dekkjar kostnadene. Rekneskapan for 2015 viser ein omsetnad på kr 1.792.000. I 2015 har drifta resultert i eit driftsoverskot på kr 34.866 og eit **positivt årsresultat på kr 37.225**. Lønnskostnadene blei som budsjettert, medan driftskostnadene blei noko lågare enn budsjettert. Sekretariatet utførar rekneskapsføring og lønnskjøring sjølv.

Styret gjer framlegg at overskotet vert ført som fond i eigenkapital. IKSet er eit lite selskap og er sårbar for endringar i rammevilkår og arbeidsstokk. Det er såleis viktig å ha reserver tilgjengeleg. Ved å setje av midlar til fond vil selskapet bli meir robust i sin daglege drift, samtidig som selskapet er meir likvid når framtidig pensjonsforpliktingar trer inn.

Selskapet har i 2015 ikkje delteke i eller gjennomført forskings- og utviklingsprosjekt.

### **Arbeidsmiljø**

Selskapet har eit godt arbeidsmiljø. Det har i 2015 vore 3 % sjukefråvær, som er litt høgare enn i 2014 (0,4 %). Det har ikkje vore nokon skadar eller ulykker som er jobbrelatert. Selskapet har drøfta forhold knytte til helse, miljø og tryggleik. Selskapet har samarbeidsavtale med NAV om inkluderande arbeidsliv.

Styret har ein positiv haldning til kompetanseoppbygging i selskapet. Styret meiner det er viktig for å halde på dyktige medarbeidarar og at det har samtidig positive verknader for arbeidsmiljøet. Sekretariatet har i 2015 delteke på konferanse i regi av NKRF og Forum for kontroll og tilsyn på Gardermoen, samling for sekretariata på Vestland/Trøndelag på Stiklestad. I år var selskapet/sekretariatet vertskap for nettverksmøte på Røvær for sekretariata i Rogaland og Agder

### **Likestilling**

Selskapet har to tilsette, ei kvinne og ein mann. Styret i selskapet er samansett av ei kvinne og to menn. Det er ikkje sett i verk spesielle likestillingstiltak. Selskapet legg vekt på likebehandling mellom kjønna i sin verksemd og styret meiner denne målsettinga er oppfylt.

### **Ytre miljø**

Selskapet driv ikkje verksemd som påverkar det ytre miljø nemneverdig utover reiseaktivitet knytte til arbeidet i eigarkommunane. Selskapet sitt hovudkontor er lagt til Aksdal i Tysvær kommune, som geografisk ligg omlag midt i selskapet sitt virkeområde.

Aksdal, 11.02.16



Arne Gjerde  
Styreleiar



Torleif Lothe  
nestleiar



Norunn Byrknes  
styremedlem



Toril Hallsjø  
dagleg leiar